



Saksbehandlar: Paal Fosdal, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/9590-1

## **Skiping av IT-forum Vest**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i skipinga av IT-forum Vest og vidarefører fylkeskommunen sitt medlemskap frå IT-forum Sogn og Fjordane.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å representere Sogn og Fjordane fylkeskommune ved skipinga.
3. Administrativ representasjon i styret blir vidareført som i dag.
4. Medlemskap og økonomisk støtte etter 31.desember 2019 blir å vurdere av Vestland fylkeskommune på eit seinare tidspunkt.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Saksframstilling**

#### **1.1. Historikk**

It-forum Sogn og Fjordane vart etablert i 1995, og har sidan starten hatt følgjande mandat:

*It-forum Sogn og Fjordane er eit breitt samarbeid og spleislag som skal sikre at Sogn og Fjordane er i fremste rekke i å utnytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiere, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket.*

Nettverket har aktive arbeidsgrupper som til dømes breibandsforum, satsingar som nytt IKT-studium under Høgskulen på Vestlandet (Førde), er medarrangør for Næringsdagane og har eigne samlingar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore medlem sidan starten i 1995. Det økonomiske bidraget vårt har vore:

- Årleg medlemsavgift, p.t. kr. 10.000 og lik for alle medlemmer.
- Årleg tilskot som skal nyttast til samordningsarbeid for IKT-satsinga i fylket, kr. 500.000. Dette tilskotet er sett av i budsjettet for næring og kultur og blir gitt med vilkår om rapportering og kontroll av aktivitet og bruk av midlane året før.
- 0,5 årsverk knytt til arbeidet med koordinering av søknader om breibandstøtte

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan starten vore representert administrativt i IT-forum sitt styre. P.t. er det ass. fylkesrådmann Paal Fosdal som representerer fylkeskommunen i styret og i representantskapet.

Eg legg til grunn at IT-forum si verksemder er kjent og at det ikkje er nødvendig med ei meir detaljert framstilling.

## **1.2.Bakgrunn for saka**

Årsmøtet for IT-forum Sogn og Fjordane gjorde 6.april 2018 følgjande vedtak:

*Årsmøtet ber styret meisle ut strategi for IT-forum Sogn og Fjordane i 2020 i det nye Vestland og førebu sak om dette til årsmøtet 2019.*

Som oppfølging av vedtaket vart det sett i gang ein strategiprosess som resulterte i eit notat lagt fram for årsmøtet 12.april 2019.

Punkt 7 i dette notatet tilrår endring av namn til *IT-forum Vest* og justerer mandatet slik:

*IT-forum Vest skal gjennom eit breitt samarbeid sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte IT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.*

Punkt 8 i notatet peiker på at IT-forum framstår som ein organisasjon med styre, årsmøte og fleire kenneteikn på ein formell organisasjon. Realiteten er at IT-forum Sogn og Fjordane heilt sidan starten har vore eit nettverk for dei som ønskjer å bidra heller enn ein formell organisasjon.

Med aukande aktivitet og etter kvart også eit breiare dekkingsområde, er det behov for ei meir formell organisering, dvs. noko meir enn eit nettverk.

Notatet til årsmøtet 12. april d.å. vurderte fire organisasjonsformer:

- Aksjeselskap
- Stifting
- Samverkeføretak
- Foreining

Av desse vedtok årsmøtet å etablere IT-forum Vest som ei foreining. Dette er ei organisasjonsform som ligg nært opp til slik IT-forum Sogn og Fjordane har fungert frå starten i 1995 og som best vil tene mandatet til IT-forum Vest.

Organisasjonsforma «Foreining» er ikkje regulert i eiga lov. Det rettslege grunnlaget er ulovfesta organisasjonsrettslege prinsipp. Deltakarane disponerer ikkje over foreininga si formue, og det kan difor ikkje bli utbetalt utbyte, eller utdelingar av formuen til medlemmane. Foreiningane er med andre ord sjølveigande.

Både fysiske og juridiske personar kan vere medlemmar. Medlemskap kan vere heilt ope, eller avhenge av at visse vilkår er oppfylt. Som utgangspunkt har kvart medlem ei stemme i saker som vert behandla i ei foreining, men også dette kan regulerast annleis. Det er ikkje krav om at foreiningar skal ha vedtekter, men i og med at det ikkje er ein lov som regulerer organisasjonsforma, bør ein i IT-forum sitt tilfelle legge vekt på regulerig gjennom vedtekter.

Det øvste organet vil vere det årlege medlemsmøtet. Årleg møte er ikkje eit rettskrav, men det er den vanlege løysinga. For foreiningar som må levere årleg rekneskap, vil årlege medlemsmøte vere naudsynt for å godkjenne dette. Det er også vanleg å ha eit styre, som vert valt av medlemsmøtet, og ein dagleg leiar.

## **2. Fylkesrådmannen si vurdering**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore medlem av IT-forum Sogn og Fjordane sidan starten i 1995. Vi har bidrige aktivt i arbeidet som nettverket har gjort og har sett det som eit viktig del av rolla vår som ein regional samfunnsaktør.

IT-forum Sogn og Fjordane vil no endre innretning av arbeidet for å tilpasse seg endringar i den regionale strukturen og som følgje av dette formalisere organisasjonsform og endre namn. Fylkesrådmannen meiner dette er riktige grep å ta i samband med endra regional struktur; grep som det er viktig at fylkeskommunen som samfunnsutviklar er med på å støtte.

Det er planlagt eit skipingsmøte for foreininga IT-forum Vest 18.oktober d.å. og spørsmålet no er om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal gå inn som ein av fleire i denne skipinga. Fylkesrådmannen ser på etablering av ei foreining som ei formalisering og vidareføring av eit nettverksbasert arbeid som har hatt stor betydning for fylket vårt og som vil kunne ha potensiale i det nye Vestland fylke.

Spørsmålet om deltaking i skiping av IT-forum Vest gir ikkje vesentlege føringar for Vestland fylkeskommune. Organisasjonsforma som er valt er fleksibel knytt til innmelding og utmelding. Økonomisk binding for Vestland fylke er avgrensa til 0,5 årsverk knytt til koordinering av søknader om breibandstøtte; ei binding som vil liggje på den nye fylkeskommunen uavhengig av medlemsskap i IT-forum Vest og som uansett må vurderast særskilt på eit seinare tidspunkt. Medlemsavgift vil Vestland fylkeskommune betale så lenge ein er medlem, og årleg tilskot blir gitt etter årleg prioritering i budsjettet og ligg ikkje inne som ei binding. Vi bør likevel i framtida leggje til grunn at årleg støtte blir gitt etter søknad – ikkje som eit beløp avsett i budsjettet.

I samband med skipinga ser eg det som ønskjeleg at fylkeskommunen opprettheld administrativ representasjon i IT-forum sitt styre. Foreininga sitt arbeid er tett kopla mot teknologisk utvikling og det er viktig at fylkeskommunen gjennom sitt engasjement bidreg til eit fagleg fundament tett knytt til eigen organisasjon og våre behov. Dette blir særleg viktig når vi no går inn i ei tid med auka innsats for digitalisering; både internt i eigen organisasjon, men også eksternt med løysingar retta mot brukarar av tenestene våre.